



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Ole Bakkebø, 55 57 21 40

Vår dato
07.06.2016
Dykkar dato
«REFDATA»

Vår referanse
2016/7647 310
Dykkar referanse
«REF»

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Til rådmann og ordførar.

Kommunereforma - grunnlaget for Fylkesmannen si rapportering til Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vi er no inne i siste fase av kommuneprosessen. Kommunane skal sende vedtaka sine til Fylkesmannen innan 1. juli. Fylkesmannen har deretter tre månader på seg til å gå gjennom desse vedtak og sende innstillinga si i saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Oversendingar til Fylkesmannen

Dette brevet handlar om kva for dokument som kommunane skal sende til Fylkesmannen og tidspunktet for oversendinga. I utgangspunktet ynskjer Fylkesmannen konsis og knapp rapportering. Dersom det i ettertid skulle oppstå etterspurnad etter ytterlegare dokumentasjon, legg vi til grunn at vi kan vende oss til kommunen.

Med det som bakteppe ber vi om følgjande :

1. Sjølve kommunestyrevedtaket i samanslåingssaka med innstilling skal sendast til Fylkesmannen innan 1. juli.
2. Fylkesmannen ber vidare om at alle kommunane ved rådmann/ordførar konkret tek standpunkt til og svarar på korleis kommunen vil innfri regjeringa sine fire målsetjingar med reforma :
 1. Kompetanse og kapasitet for å tilrettelegge for gode og likeverdige tenester for innbyggjarane sine i framtida – herunder spesialiserte tenester.
 2. Kapasitet og kompetanse til å skape ei utvikling som er i stand til å løyse nasjonale utfordringar og standardar innanfor arealforvaltning, transport, beredskap, miljø og næringsutvikling m.m.
 3. Utvikling av økonomisk robuste kommunar som er i stand til å møte driftsutfordringar, investeringsbehov og utforutsette hendingar - innanfor avgrensa økonomiske rammer.
 4. Utvikling av eit lokaldemokrati som er i stand å ta attende interkommunale oppgåver, ta på seg nye oppgåver og igjennom fagleg kompetanse og kapasitet er i stand til utvikle det kommunale sjølvstyret forutsett redusert statleg detaljstyring.

3. Kommunen må oversende følgjande dokument eller dokumentasjon :

1. Dei ulike vedtak som er fatta om kommunereforma i kommunestyra.
2. Utgreiingar / rapportar som er gjennomførte i kommunen (Det er nok å vise til tittel og lenkje / referanse)
3. Intensjonsavtaler som er framforhandla og vedtatte.
4. Oversyn over gjennomførte folkehøyringar, opinionsundersøkingar eller folkeavstemmingar. Det er tilstrekkeleg med eit punktvis oversyn og referanse/lenkje til sjølv rapporten.

Rapporteringa under punkt 2 og 3 må vere oss i hende innen 10. juli 2016.

Invitasjon til samrådsmøte

Fylkesmannen inviterer alle ordførarar og rådmenn/byrådsleiar til Bergen den 13. september til eit samråd om kommunereforma. Vi kjem attende til nærare tidspunkt, stad og program for dette samrådet. Føremålet er å gå gjennom reformprosessen med sikte på kva vi har lært undervegs, herunder kva tiltak som bør takast inn ved ei mogeleg runde til og kva råd kommunane vil gje Fylkesmannen i samband med tilrådinga vår til departement / Storting.

Økonomisk stønad – informasjonsarbeid m.m

Vi vil elles minne om at krav om utbetaling av økonomisk stønad (inntil kr 100.000) i samband med informasjonsarbeid og innbyggjarundersøkingar for dei kommunar som har gjennomført reformprosessen, må sendast til Fylkesmannen med punktvis oppsummering av gjennomførte tiltak.

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Ole Bakkebø
fagdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
KS Hordaland